

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8114 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.: 13/272-2

Arkiv: K2-V60, K2-

Dato: 20.02.2013


SPØRSMÅL OM ENDRINGAR I JORDLOVA

Visar til høyringsbrev frå Dykk av 24.01.2013 vedkomande ovannemnte.

Hjartdal kommune er positiv til framlegget om å lempe på delingsføresegna i jordlova og kan i hovudsak slutte seg til dei foreslegne endringane. Me er einige i at det bør gjerast lettare å få løyve til deling i samband med erverv av tilleggsjord og dersom deling vil ivareta omsynet til busetjinga i eit område.

Me ser likevel ein fare for at framlegget til nytt 4. avsnitt kan medføre at reglane i nytt avsnitt 3 lett kan koma til å bli "overstyrte", og i større grad enn ønskjeleg, av regelen i 4. avsnitt. 4. avsnitt bør derfor takast ut. Omsynet til busetjing bør i staden kunne ivaretakast ved å setja dette inn som eit fjerde punkt i avsnitt 3.

Med helsing


Harald Helliksen
skogbrukssjef